

Til Alver kommune
Prosjektgruppa vi / rådmann Ørjan Raknes Forthun
Kvernhusmyrane 20 , 5914 ISDALSTØ
E-post: orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no
M: 91586338

KULTURELT SENTRUM I NY ALVER KOMMUNE. Folkemuseum/kultursenter i Tjorehagen.

Når ein skal byggja opp ein heilt ny storkommune,samansett av tradisjonsrike kommunar i dag, er det viktig å skapa eit kulturelt, menneskeleg senter som alle kan kjenna seg heime i, og som kan gje hjelpe og råd til dei mange eldsjelene og idealiistane som ha teke vare på kulturminne og tradisjonar.

Når Nordhordlandspakka i nær framtid gjev Alver kommune trygge og moderne samband både innanfor den nye kommunen og til hovudvegane gjennom Nordhordland, kan det vel etablerte miljøet omkring Tjorehagen i Radøy vera eit ideelt utgangspunkt for å skapa ein brei kulturinstitusjon.

Vi bed dei som no førebur den nye kommuneeininga ha i minne kor viktig ein slik institusjon vil vera for de 30 000 menneska som no får Alver kommune å kjenna seg heime i, og ikkje minst kor ideelle tilhøve Tjoreinstitusjonen kan skapa for eit så viktig tiltak!

Vi legg til grunn at dette er i tråd med museumsreforma i Hordaland, og at Tjore-planen må realiserast gjennom eit nytt konsolidert museum, som også kan vera ryggdekkning for dei mange samlingane som ligg innanfor Alver kommune.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at den nye instusjonen bør ha med desse seks hovudfelta:

- Botanisk samling for Nordhordland,
- Folkemuseum på gunnlag av Olav R. Tjores samling,
- Folkekultursenter,
- Senter for reisande-kulturen på Vestlandet,
- Eit breitt kunstsenter,
- Senter for bygde-/regionmodell for folkeminne i Nordhordland.

Rk har støtta arbeidet med å

- vedta detaljert reguleringsplan,
- gje driftstilskot og
- foreta store investeringar i infrastruktur, alt knytt opp til folkemuseum i Tjorehagen.

Vi har knytt til oss sentrale fagfolk i ei stor støttegruppa frå museum, universitet og organisasjonar. Arbeidet vårt har bygt på tilrådingar frå støttegruppa. Dei framhevar særleg Olav R. Tjores Samling som dei meiner tilfredsstiller statens krav til framtidas museum.

Fagfolka meiner at samla vil dei seks felta gje eit pionærmuseum til Nordhordland.

Støttegruppa peikar på kor viktig det er at planane

inneholder reisande-kulturen på Vestlandet og at det hastar med å få tatt vare på denne kulturen. Fleire av våre fagfolk på våre minoritetskulturar (Prof. Knut Kjeldstadli, prof. Trond Nordby, forskar Thor Gotås m.fl.) framhevar samlinga av dei reisandes kulturarbeid. Forfattaren Jon Fosse meiner at denne samlinga må få ein sentral plass i Nordhordland. Mange meiner at Nordhordland skuldar dei reisande oppreising.

Mange i kulturlivet kan verta oppglødd over at kultur og identitet med denne institusjonen kan gje kraft til arbeidet og politikken for skular, eldreomsorg, vegar og ulike kommunale tenester. Næringslivet med dei mange mellomstore verksemndene i industri, service og handel kan finna nytte av eit slikt kulturelt kraftsenter som også kan fremja reiselivet, også knytt til turistmetropolen Bergen. Utstillinga frå samlinga på Bryggen museum under mottoa Brædne da i Bydn og Strilane bygde Tyskerbrygga vekte stor interesse.

Det er ein styrke med Olav R. Tjores Samling at den er så snært knytt til folks daglegliv og arbeidsliv i Nordhordland gjennom mange hundreår. Osterøy museum skal setja opp ei jubileumsutstilling frå samlinga under mottoet Lys og lysstell gjennom tusen år.

Olav R. Tjores Samling gjev tidlaus tolking av arbeid og liv med evige berekraftige idear og verdiar. Det opprinnelege innhaldet med tankegodset og tenkjemåten i kvardagslivet følgjer arbeida og ber verdiene vidare fram over vår forbruksmaterialistiske og nyrike mentalitet.

Men det hastar med å sikra samlingane for Nordhordland slik Jon Eikemo dokumenterer, jf. vedlegg 4.

Beste helsing
Vaksdal, 20.januar 2018